



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
11/00522-8

ARK. F - Fartøy
Granvin

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO

12.09.2011

TELEFAKS

+47 22 94 04 04

postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

Veteransklaget Fjordabåten
Postboks 1740 Nordnes
5816 BERGEN

**M/S "GRANVIN" - LGDC
VEDTAK OM FREDING MED HEIMEL I LOV OM KULTURMINNE AV 9. JUNI 1978 NR. 50 §
14A JMF FORVALTINGSLOVA KAP. IV**

Vi syner til framlegg til freding av M/S "Granvin", dagsett 01.07.2011, som har vore på høyring hjå involverte partar og instansar.

Departementet sin avgjerdsrett til å freda båtar er delegert til Riksantikvaren i føreskrift av 9. februar 1979 om fagleg ansvarsfordeling m.v. etter kulturminnelova, § 12 nr 1.

Riksantikvaren fattar følgjande vedtak:

VEDTAK:

I medhald av lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kml) § 14a fredar Riksantikvaren M/S "Granvin" – LGDC.

Omfanget av fredinga

Fredinga etter kulturminnelova § 14a omfattar heile fartyet med fast inventar og fastmontert utstyr slik dette framkjem i skildringar og på foto i fredingsdokumentasjon.

Vi gjer særleg merksam på at fartyet skal gjennomgå ei restaurering der einskilde element vort tilbakeførte til opphavleg eller tidlegare tilstand, slik fartyet var i den perioden det gjekk som bilførande lokalskip for Det Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap (HSD). Nærare om dette i fredingsføresegnene.

Føremålet med fredinga

Føremålet med fredinga er å taka vare på ei bilferje frå mellomkrigstida med tørrskips ombordkøyning og biloppstilling. I den tidlege fasen med bilføring fungerte denne typen ofte som bilførande lokalbåt i lengre samband med anløp undervegs. "Granvin" vart bygd for det viktige vegsambandet mellom Aust- og Vestlandet gjennom Indre Hardanger og er difor ein av våre eldste riksvegferjer.

M/S "Granvin" var i drift for Det Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap (HSD) frå ho var ny i 1931 og fram til 1987, dei siste 19 åra som leigebåt. Ho vart teken vare på direkte frå rutefart og innreiinga i akterskipet er i all hovudsak den originale frå 1931.

Eit farty som "Granvoin" vart bygd for å gjere teneste i kring 30 år. I år er "Granvoin" 80 år gamal og naturleg forfall pga alder medfører at skipet står framfor ei større restaurering. Fredinga skal difor ikkje vere til hinder for gjennomføringa av naudsynt restaurering av konstruksjon og innreiing eller komplettering av bortkomne delar.

Fredingsføresegner

Fredingsvilkåra er utforma i samsvar med føremålet med fredinga og kjem i tillegg til kulturminnelova sine føresegner om vedtaksfreda båtar.

1. Fartyet sitt eksteriør, konstruksjon, arrangement eller originalt fast inventar skal ikkje endrast.
2. Utskifting av material, endring av overflater eller anna arbeid ut over vanleg vedlikehald er ikkje tillate. Opphavlege fargar skal bevarast.
3. Alt vedlikehald og istandsetjing skal skje i samsvar med føremålet med fredinga. Dette medfører bruk av tradisjonelle material og etter dei metodar som er i trå med den tidsepoken som ligg til grunn for fredinga.
4. Eventuelle pålegg frå Sjøfartsdirektoratet, Mattilsynet eller andre offentlege styresmakter som medfører fysiske endringar av det freda fartyet skal ikkje gjennomførast med mindre tiltaket er godkjent av Riksantikvaren eller av den Riksantikvaren har gjeve mynde.
5. Fredinga skal ikkje vere til hinder for naudsynt restaurering av skipet eller for tilbakeføring av arrangementet til perioden som bilførande lokalskip i samband med restaurering av framskipet.
6. Det skal utarbeidast ein teknisk-historisk dokumentasjon. Når denne er godkjent av Riksantikvaren vil han danne utgangspunkt for avgjerder vederørande utføring, fargesetting og anna detaljering.
7. Etter dispensasjon frå Riksantikvaren kan det gjennomførast tilbakeføring til opphavleg eller tidlegare utføring dersom tiltaket byggjer på sikker dokumentasjon (jmf. pkt 6). Dette gjeld følgjande tilbakeføringstiltak:
 - a. Tilbakeføring av arrangementet på framdekket til perioden som bilførande lokalskip.
 - b. Tilbakeføring av lasteluka til original storleik og utføring.
 - c. Restaurering og montering av originalt trappehus framfor masta på bildekket.
 - d. Flytting av mast og vantfeste til original plassering og tilbakeføring til original innfesting mot dekk.
 - e. Tilbakeføring av innreiinga under framdekket til tidsrett utføring.
 - f. Reetablering av luftinntak til maskina på frontskottet.
 - g. Montering av manglande styrbord davitar, livbåt og livbåtkrybber på båtdekket.
 - h. Montering av kopi av originale leskjermar av seglduk med tilhøyrande wire og seftere på topprekka attanfor styrehuset.
 - i. Montering av kullfyrt sentralvarmeanlegg (seinare ombygd til oljefyring). Dette inkluderer naudsynt restaurering av vassrøyr og radiatorar.
 - j. Tilbakeføring av flislagt dørk i sters og bysse.
 - k. Tilbakeføring av maskinrommet til situasjonen før maskinskifte i 1968 dersom det syner seg mogleg å skaffe ein Bolinder-maskin av den type skipet hadde originalt.

Følgjer av fredinga

Når det gjeld handsaming av freda båtar syner vi til kulturminnelova §§ 14a, 15a, 16, 17 og 18, samt til fredingsføresegnene over.

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gong alle former for tiltak som går ut over vanleg vedlikehald, jmf. kulturminnelova § 14a tredje ledd og § 15a. Dette gjeld også eventuelle tiltak som skuldast pålegg frå Sjøfartsdirektoratet, Mattilsynet eller andre offentlege styresmakter. Riksantikvaren kan i særskilde høve gje dispensasjon frå fredinga og fredingsføresegnene for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet. Søknad om løyve vert å sende til Riksantikvaren. Oppstår det tvil om kva som kan reknast som vanleg vedlikehald skal Riksantikvaren likeeins kontaktast.

Eigar har ansvar for det vanlege vedlikehaldet av det freda skipet. Fartyet skal handsamast som om det var freda inn til spørsmålet om freding er endeleg avgjort. Dersom det er planar om endringar i interiør eller eksteriør skal Riksantikvaren varslast på førehand dersom dette ikkje kan reknast som vanleg vedlikehald.

I føreskrift av 9. februar 1979 om fagleg ansvarsfordeling m.v. etter kulturminnelova, § 12 nr. 1 har departementet delegert mynde til Riksantikvaren etter lova sine §§ 14a (freding av båtar), 15a (dispensasjon) og 22 nr. 4 (mellombels freding).

Likeeins er Riksantikvaren gitt mynde etter same føreskrift § 1 nr. 1 dersom kulturminnelova §§ 16-18 kjem til bruk i samband med ein freda båt. Kulturminnelova §§ 16-18 gjeld pålegg om utbetring ved skade, vedlikehald og skade ved brann og gjeld for freda båtar så langt desse høver.

Bakgrunn for fredingssaka

Riksantikvaren si freding av farty skal gjennomførast ved at kvar brukskategori først vert gjennomgått historisk for å kartleggje dei sentrale skipstypene innan kvar kategori. Ut frå dette vil det bli vald ut representative farty for freding. Målet om eit representativt vern og framgangsmåten for å oppnå dette er nedfelt i Riksantikvaren sin Nasjonal verneplan for fartøy 2010-2017. Prosessen starta same år med ferjeflåten.

Riksantikvaren gjennomførde eit prosjekt for å kartleggje bilferjer i Noreg med tanke på freding av eit utval farty som representerer ulike epokar og typar. Gjennomgangen bygde m.a. på ei kartlegging og utgreiing som Norsk Sjøfartsmuseum gjorde på oppdrag av Statens Vegvesen i 2001. I denne Nasjonal Verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminne – underlagsrapport om ferjer (i to delar) vert "Granvin" særskild framheva som eit godt døme på dei mange mindre enkeltdekkka skipa som i mellomkrigstida var bygde med tanke på bilføring.

Fredinga av M/S "Granvin" vert grunngeve med at fartyet er eit av få attverande av dei tidlege bilførande fartya i Noreg. Fartyet representerer transport- og skipshistorie frå tida då bilferdsla og utbygginga av eit moderne landvegs transportsystem var i si emning. "Granvin" vart bygd for passasjer- og bilføring i det viktige riksvegsambandet mellom Aust- og Vestlandet gjennom indre Hardanger.

Skildring og historikk

Etter å ha engasjert seg i fleire bilruter på land såg HSD også behovet for ferjedrift. Sumaren 1928 leigde selskapet inn motorkuttaren "Jøsenfjord" til ei improvisert ferjerute mellom Utåker, Skånevik, Kyrping og Fjæra i Sunnhordland. Dette eksperimentet fall bra ut og året etter kontraherte HSD to mindre motorskip som var konstruerte med tanke på bilføring. Vegen over

Hardangervidda var opna i 1928 og bilferdsla gjennom Hardanger tiltok.

Til sumarsesongen 1930 vart trebåten M/K "Kinsarvik" og stålbåten M/S "Tysnes" leverte. "Kinsarvik" vart sett inn i ferjeruta gjennom Hardanger medan "Tysnes" vart sett inn i ferjeruta gjennom Sunnhordland. "Kinsarvik" fekk nok å gjere, og måtte alt i 1931 få hjelp av den nye bilførande M/S "Granvin".

M/S "Granvin" vart levert frå Mjellem & Karlsen verft i Bergen på forsumaren 1931. Skipet var 89,7 fot langt med ein tonnasje på 115,09 Brt. "Granvin" er eit singeldekka/slettdekka motorskip med overbygg akter og salong, lasterom og mannskapslugarar under dekk. Skipet hadde som nytt sertifikat for 150 passasjerar og kunne føre 3 bilar på tvers omver framdekket. Maskina var ein 2-sylindra Bolinder råoljemotor på 150 bhk.

Men, alt etter få år hadde trafikken her auka so mykje at det måtte byggjast større farty M/S "Eidfjord" vart levert i 1935 som ein større versjon av "Granvin" og lasteskipet D/S "Tyssedal" vart bygd om til å føre bilar på tvers av dekk .

Med fullføringa av Fykkesund bru i 1937 var det bilveg mellom Bergen og Ålvik, og tida var overmogen for ei spesialbygd bilferje med stor kapasitet. Denne vart levert i 1938 som M/F "Folgefonn" med langskips ombordkøyring og plass til 20 bilar.

Nå var tida definitivt ute for fartøy som "Granvin" i viktige ferjeruter. "Granvin" heldt fram i lokalrute, hovudsakleg i Indre Hardanger, og tok framleis med bilar når det var behov for dette. HSD sitt rutesystem var bygd opp slik at skip som "Granvin" samla opp passasjerar og gods i lokalruter og korresponderte med dei større langruteskipa på sentrale anløpsstader. Langruteskipet D/S "Stord", levert til HSD i 1913, gjekk i mange år i Hardangerruta mellom Bergen og Odda, og dette skipet er bevart saman med "Granvin".

I 1968 selde HSD "Granvin" til eit partsreiarlag eigd av Olav Linga og Bjarne Lutro i Hardanger. Men, HSD leigde skipet attende, og "Granvin" haldt fram under HSD sitt merke i same ruta fram til lokalruta i Indre Hardanger vart lagd ned i 1987. Etter at Linga og Lutro overtok "Granvin" vart passasjerinnreiinga under dekk i framskipet fjerna til fordel for eit utvida lasterom. Same år vart også den gamle Bolinder-maskina bytta med ein 3ACA Wickmann.

Etter 56 år i lokalrute for HSD vart "Granvin" i 1988 overteken av veteranskipslaget Fjordabåten som starta arbeidet med å restaurere skipet med utgangspunkt i slik det var som bilførande lokalbåt. "Granvin" vert i dag teken vare på i HSD sitt gamle fartsområde og inngår i ein vernesamanheng som også inkluderer fleire farty frå same reiarlag.

Registreringstilhøve:

Namn:	M/S "Granvin"
Kjenningsignal:	LGDC
Register:	Norsk Ordinært Skipsregister (NOR)
Byggjeår:	1931
Byggjeverft:	Mjellem & Karlsen, Bergen
Opphavleg eigar:	Det Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap
Noverande eigar:	Veteranskipslaget Fjordabåten

Riksantikvaren si vurdering av kulturminnet – grunngeving for framlegg om freding

Fredinga av M/S "Granvin" vert grunnjevne med at fartyet representerer transport- og skipshistorie frå tida då bilferdsla og utbygginga av eit moderne landvegs transportsystem var i si emning. "Granvin" vart bygd for bilføring i det viktige riksvegsambandet mellom Aust- og Vestlandet gjennom Indre Hardanger.

"Granvin" sitt systerskip "Tysnes" er no under tilbakeføring til bilførande lokalskip etter å ha vore ombygd til fraktebåt i 1963. M/S "Granvin" har ikkje vore gjennom ei tilsvarande omfattande endring og er i dag den eldste intakte bilferja av sin type. Skipet er også godt bevart og dermed ei viktig kjelde til skipsbygginga hjå Mjellem & Karlsen i mellomkrigstida. Ferjer med langskips gjennomkjøring var i bilføringa sin tidlege fase bygde for kortare strekk tvers over fjordar og sund. For lengre ruter langs etter fjordane bygde ein langt inn på 1930-talet stadig bilførande skip med konvensjonelt skrog og tverrskips ombordkøying. M/S "Granvin" frå 1931 er eit godt døme på dette.

Tilliks med andre av HSD sine farty; D/S "Stord" (1913), M/S "Tysnes" (1930), M/S "Folgefonn" (1938), M/F "Bjørnefjord" (1962) og M/F "Skånevik" (1967), vert også M/S "Granvin" (1931) bevart i selskapet sitt gamle fartsområde der ho vil bidra til formidling av samferdslehistoria.

Sakshandsaming fram til fredinga

Melding om oppstart av fredingssaka vart, i samsvar med forvaltingslova § 16, sendt til alle partar i brev av 14.12.2010. Det kom ikkje inn merknader til saka.

Riksantikvaren utforma deretter eit framlegg til freding som vart sendt på høyring 01.07.2011. Norsk Lysingsblad, Bergens Tidende, Sunnhordland og Hardanger Folkeblad kunngjorde at framlegget var lagt ut til offentleg ettersyn hjå Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune. Høyringsfristen vart sett til 3 veker.

Etter høyringa har det kome inn følgjande fråsegn:

Samferdsledepartementet, 01.08.2011

Samferdsledepartementet har ingen merknader til saka.

Sjøfartsdirektoratet, 08.08.2011

Sjøfartsdirektoratet forstår det slik at fredingsføresegnene pkt. 7 også omfattar MOB-båtar og gjer merksam på at i følge § 13 i føreskrift av 11. oktober 2004 nr. 1341 er utgangspunktet at også verneverdige skip skal ha MOB-båtar som oppfyller krava. Sjøfartsdirektoratet gjer difor merksam på at dersom fredinga om fattar MOB-båten vil dette kunne medføre kav om endringar i drifta.

Kommentar frå Riksantikvaren:

Fredinga omfattar berre utstyr som synt i fredingsdokumentasjonen. Ein MOB-båt vil difor ikkje vere omfatta av fredinga.

Sjøfartsdirektoratet, 10.07.2011

Ut frå dei tilbakeføringstiltak som er spesifisert i pkt. 7 vil Sjøfartsdirektoratet sin vurdering av tryggleiken i hovudsak omfatte skrogstyrke, utstyr, brannsikring, fribordstilhøve og stabilitet. I denne vurderinga inngår undersøking av eventuelle avvik frå dei relevante føreskrifter samt å vurdere eventuelle kompensierende tiltak i samheng med driftsmessige avgrensingar.

Sjøfartsdirektoratet ber om å få tilsendt eit eksemplar av den teknisk-historiske dokumentasjonen når denne ligg føre, jmf. pkt. 6 i fredingsføresegnene.

Kommentar frå Riksantikvaren:

Riksantikvaren tek Sjøfartsdirektoratet sin merknad til etterretning.

Informasjon om høve til å klaga

Riksantikvaren sitt vedtak om freding kan klagast inn for Miljøverndepartementet, men sendast Riksantikvaren innan tre veker frå dette brevet er motteke, jmf. forvaltingslova §§ 28 og 29..

Tinglysing

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i Norsk Ordinært Skipsregister.

Beste helsing

Jørn Holme

Unni Grønn
Avdelingsdirektør

Vedlegg:

Dokumentasjon

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Miljøverndepartementet - Kulturminneavdelingen, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO

Det Kongelige Samferdselsdepartement, Postboks 8010 Dep, 0030 OSLO

Nærings- og handelsdepartementet, Postboks 8014, 0030 OSLO

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen

Sjøfartsdirektoratet, Postboks 2222, 5509 HAUGESUND

Austevoll kommune, 5392 Storebø

Bergen kommune - Byrådsavd. for kultur, kirke og idrett, Postboks 7700, 5020 Bergen

Eidfjord kommune, Simadalsvegen 1, 5783 EIDFJORD

Etne kommune, Postboks 54, 5591 ETNE

Granvin kommune, Postboks 13, 5733 GRANVIN

Kvam kommune, Rådhuset, 5600 NORHEIMSUND

Odda kommune, Opheimsgata 31, 5750 ODDA

Sveio kommune, Postboks 40, 5559 SVEIO

Stord kommune, Postboks 304, 5402 STORD

Tysnes kommune, Rådhuset, 5685 UGGDAL

Ullensvang herad, 5780 KINSARVIK

Ulvik herad, Skeiesvegen 3, 5730 Ulvik
Norsk Forening for Fartøyvern, Øvre Slottsgate 2 B, 0157 OSLO
Fortidsminneforeningen, Dronningens gate 11, 0152 OSLO
Fortidsminneforeningen - Bergen og Hordaland, Klostergaten 28
, 5005 BERGEN
Tide ASA, Postboks 6300, 5893 Bergen
Hardanger Fartøyvernsenter, 5600 NORHEIMSUND
Ferjelaget Skånevik, Heimli, 5640 EIKELANDSOSEN
Hardanger veteranferjelag, Hetleflot 5, 5750 ODDA
Hardanger og Voss museum, 5778 UTNE
Bergens Sjøfartsmuseum, Haakon Shetelig's plass 15, 5007 BERGEN

